



Til deg som skal søkje spelemidlar

Det er nokre ting å tenkje på om ein skal søkje spelemidlar. Dette er ein liten hjelplist for laget som ynskjer å søkje spelemidlar.



- Ha ein ansvarleg person i høve søknaden som har fullmakter frå laget til å arbeide med dette. Denne vert og søker og kontaktperson inn mot kommunen (kan til dømes vere leiar for laget/ undergruppe)
- Ver ute i god tid med alt papirarbeid – dette må på plass før ein byrjar evt bygging!
- **Søk hjelp hjå kommunen og ha dialog heile vegen med kommunen** du kan og bruke nettsidene på <https://www.anleggsregisteret.no/>

Aller fyrst må ein sjekke at laget er søknadsberettiga, i utgangspunktet er lag tilknytt NIF og kommunar søknadsberettiga. Andre frivillige lag/ organisasjonar må søkje om å få godkjent sine vedtekter for å kunne søker på spelemidlar.

Det er hovudsakleg to ordningar: **nærmiljøanlegg** og **ordinære idrettsanlegg**. *Ordinære idrettsanlegg* er anlegg for ein spesiell type idrett som td fotballbane, skiløype, klatrevegg etc der eit lag har behov for å avhalde eigne treningstider og konkurransar. Stønad er vanlegvis 1/3 del av totalkostnad avgrensa til 1 million. Nokre anlegg har eigne tilskotsbeløp, dette finn du ut av i lag med kommunen. **Nærmiljøanlegg** er anlegg som ofte er mindre kostnadskrevjande og som skal stå opne for eigenorganisert aktivitet, desse kan ein ikkje legge krav på treningstider i – døme er ballbinge, leikeapparat, skateanlegg, isanlegg etc. Stønad er vanlegvis 50% av totalkostnad avgrensa til 300.000,-

Når ein søker spelemidlar og alt i forkant er på plass så vil ein få ein formell godkjenning av søknaden. Når søknaden er godkjent og funnet i orden for spelemiddelordninga vil ein mota beløpet det er søkt om straks det er midlar klart for anlegget. Dette kan ta litt tid, for ordinære idrettsanlegg har ventetida i Telemark vore på 3-4 år, for nærmiljøanlegg inntil 2 år. Mellomfinansiering kan vere naudsynt ved låneopptak eller å søker kommunen om forskotering kan då vere aktuelt om ein ynskjer å bygge før midlane er komme. Ein evt søknad om forskotering av spelemidlar må handsamast kvar for seg.

Før ein byrjar på prosessen bør ein spørje seg:

1. **Har me eit behov eller kan me samarbeide med andre om anlegget?**
2. **Stiller eit samla lag seg bak søkeren, med tanke på kostnader, dugnad og vilje til å forplikte seg å drifta anlegget med aktivitet og vedlikehald i min 20 år?**
3. **Har me eigna område som me får kjøpe/ leige/ bruke med min 30 års tinglyst avtale (nokre tilfelle 20 år og utan tinglysing)?**



Kva må ordnast:

1. Det første som må ordnast er ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Dersom ein byrjar å bygge noko som helst på eit anlegg utan å ha denne godkjenninga er det avslagsgrunn. Kommunen kan utføre denne eller vidaresende til departementet ved større eller særskilte anlegg.

Viktige dokument som må plass til dette:

- a. Opplysing om plass i kommunal plan
- b. Utgreiing om universell utforming
- c. Situasjonsplan for området
- d. Behovsoppgåve
- e. Kostnadsoverslag
- f. Førebels plan for finansiering og drift
- g. Dokumentasjon på tilpassing av anlegget i høve nærmiljø

2. Sjølve søknaden

- a. Informasjon om lag/ kontaktperson etc
- b. Detaljert kostnadsoverslag
 - i. Inkl dokumentasjon på gåvebrev/ dugnad mm
 - ii. Eigenkapital med kontoutskrift/ evt budsjettvedtak/ styrevedtak
 - iii. Lån med lånetilsegn
- c. Plan for bruk med driftsbudsjett
- d. Eigedomstilhøve (td tinglyst leigeavtale)
- e. Kommunal garanti (dersom dette krevjast)
- f. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

All erfaring tilseier at ein skal vere ute i god tid for å få ordna alle naudsynte dokument. Tenk at til slutt kan bli ei høg timebetaling ☺



Mvh

Hasse Samahle

kultur-, og idrettskonsulent

35075244/ hasse.samahle@tokke.kommune.no